



MÅNADENS PORTRETT - MARS 2011

Namn og alder : Astri Marvik Bastlien, 28 år
Bur : Ytre Åsarøy

Bakgrunnen for intervjuet:

Astri M. Bastlien flytta i frå Sandnes til Ytre Åsarøy for litt over eit år sidan. Det var kjærleiken som førde ho dit og den 30.12.2010 vart ho og sambuar Lars Terje Øvrebø foreldre til litle Ingrid Andrea. Det er 77 år sidan sist gong det vart fødd

born i Ytre Åsarøy. Det er jo litt spesielt.

Korleis er det å bu i Ytre Åsarøy?

Fredeleg! Ytre Åsarøy er ein veglaus liten plass og me er avhengig av eigen båt for å kome til "sivilisasjonen". Me bur heilt åleine utan naboar og lever av sau, geit og skogsdrift. Eg trivst godt her. Når me skal handle eller gjere andre ærend, tek me båten til Marvik og reiser eventuelt vidare med eigen bil.

Eg er fødd og oppvaksen på Nedstrand og familien har hytte på Østebø, så eg er jo ikkje heilt ukjend med livet på bygda. Heilt sidan eg var i ungdomsåra har eg sagt at eg vil bu på halvøya.

Kva gjer du på i fritida?

I det siste er det ikkje blitt så mykje tid til fritidsaktivitetar, men eg likar godt å strikke, lese og fiske.

Om nokre år kjem brua over Sandsfjorden. Korleis vil den påverke dykk?

Ja, då får me veg og vil ikkje lengre vere avhengig av båt for å kome til og frå. Ytre Åsarøy vil bli litt meir sentralt☺.

Det blir jo kjekt å få veg, spesielt når Ingrid Andrea skal byrje på skulen. Kanskje vil me også få meir "stikk-innom besøk", i motsetnad til slik som no då familie og vener alltid må avtale på førehand før dei kjem på besøk.

Kva trur du må til for å få fleire til å flytte til halvøya?

Eg trur det er lettare å få unge folk med tilknytning til halvøya til å flytte heim igjen. Dei veit kva dei flytter til og har ofte eit nettverk der i frå før. Kanskje bør ein konsentrere seg meir om å få fleire av desse til å kome heim igjen?

Kommunikasjonar kan nok bli betre, eg trur det er svært viktig at kollektivtilbodet er lagt opp slik at det er til gagn for folk. Det må kunne gå an å bu på halvøya utan å vere heilt avhengig av eigen bil.

Me ønskjer den litle familien lykke til med eit fredeleg liv i Ytre Åsarøy, og ei spanande tid når brua kjem.